

Referat

STYREMØTE NR. 9 i ØIL – 06.02.2012

Møte		Referat	
Dato	06.02.2013 kl. 1900	Deltakarar	Trude Torvund / konstituert leiar og kasserar Per Dysterud / nestleiar Rune Vik/ skrivar Sonja Fagerheim/ styrelem Øystein Roe Sundøy / styrelem Jan Tore Alvsaker/ styrelem Åshild Bekkesletten/ 1. vara Karsten Samland/ fotballgruppa Leiv Sandven/ trimgruppa
Stad	Holmatun	Forfall	Lillian Kvamsøy/ HC-gruppa
Referent	Rune Vik	Kopi	Olav Kreken/ orientering Roger Vassnes
Neste møte	Før årsmøte - onsdag 20.03.2013 kl. 1800		

Nr	Sak	Frist	Ansvar oppfølging
9.1	Saker		
.1	<u>Idrettsregistrering for 2012</u> Idrettsregistrering for ØIL med undergrupper er gjennomført innan frist 31.01.2013.	info	styret
.2	<u>Ansvar politiattestar og system for dokumentasjon</u> Rune Vik har overteke hovudansvaret for politiattestar i ØIL. - Styret i fotballgruppa må utnemne person som har ansvar for attestar innan fotballgruppa. - Standardtekst og søknadsskjema knytt til politiattest må utarbeidast, og leggjast inn på heimesidene til ØIL-fotball og ØIL. - Fotballgruppa må ajourføre liste over personar i fotballen som har førevist politiattest, og oversende denne til R. Vik. - Fotballgruppa må for 2013 kontrollere og dokumentere at trenarar og oppmenn innan barne- og ungdomsfotballen har politiattest.	info	styret Rune V. Karsten S. Rune V. + heimeside-ansvarlege Karsten S. Karsten S.
.3	<u>Medlemsoppdatering og ansvar</u> Trude Torvund er medlemsansvarleg i ØIL. Det ligg no føre foreløpig ØIL-medlemsliste for 2013 avstemt mot laglister i Øystese fotball. - Rune Vik må gå gjennom foreløpig ØIL-medlemsliste saman med Roger Vassnes for å luke ut evt. personar i fotballen som er slutta.	Info	Styret Rune V./ Roger V.

	<ul style="list-style-type: none"> - Fotballen må for 2013 lage alfabetiske lister over deltakere i dei ulike årsklassane. Fødselsdato må inngå (kanskje ikkje naudsynt for old boys...). - Heimesida både til ØIL og Øystese fotball må innehalde informasjon om både krav til medlemskap og treningsavgift. Må sjå nærare på gjennomføring. 		Karsten S.
.4	<p><u>Årsmøtetidspunkt i Holmatun</u></p> <p>Hardanger talentutvikling AS (HT) i veke 8 ?:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det er styret i HT som må kalle inn ØIL-styret til generalforsamling. Ligg ikkje føre avklaring pr. 6/2. <p>ØIL- fotballgruppa i veke 10:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Tid: onsdag 6. mars kl. 19:00 <p>Øystese idrettslag i veke 12:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Tid: onsdag 20.mars kl. 19:00 		Styret i ØIL/ fotballgruppa
		Info	Roger V./ Ingmar Sægrov
			Styret i fotballgruppa
			ØIL-styret
.5	<p><u>Status årsmeldingar i ØIL-grupper</u></p> <p>Gruppeårsmeldingane er skrivne. Årsmelding for hovudlaget kan dermed slutførast.</p>	Info	Rune V.
.6	<p><u>Status årsrekneskap</u></p> <p>Hardanger talentutvikling AS (HT): klart til 13/2 ØIL-fotball: manglar 3 bilag ØIL: årsrekneskap kan slutførast når fotballrekneskapet er klart</p>	Info	Vekstra Roger V. Vekstra
.7	<p><u>Nye vedtekter i Øystese idrettslag</u></p> <p>Styret har fått oversendt forslag til nye vedtekter saman med sakslista til styremøtet. Utgangspunktet er NIF-lovnorma. Ny lov for ØIL skal handsamast/godkjennast på ØIL-årsmøte og deretter godkjennast av Hordaland idrettskrets.</p> <p>Gje tilbakemelding til Rune V. om noko er uklart eller bør endrast.</p>	Info	
		20/2	styret
9.2	Fotballgruppa		
9.3	Friidrett/trimgruppa		
9.4	HC-gruppa		
9.5	Symjegruppa		
9.6	Hoppgruppa		
9.8	Økonomi		
9.9	Eventuelt		
.1	<p><u>ØIL-heimeside</u></p> <p>ØIL-heimesida vil verte etablert på ny plattform, same heimesideplattform som Øystese fotball si heimeside. Vert enklare å administrere, m.v.</p>	Info	Sonja F.

.2	<p><u>Jakker m.v. med ØIL-profilering</u></p> <p>Sonja har undersøkt prisar på ulike jakker med ØIL-logo, m.m.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Alværskojaker vaksenstorleik "Umbro" – kr 600,- - Hettejakker / kule gymjakker – max kr. 500,- <p>Sonja ser vidare på jakketypar og modellar, samt andre former for ØIL- effektar.</p> <p>Tanken er at plagg kan vere ei "gulrot" for dei som har verv i ØIL, premiar ved arrangement, til sal, m.m. Ordninga må diskuterast vidare.</p> <p>Tidlegare styresaker under oppfølging</p>	Info	Sonja
2.9.	<p><u>Rydding i og sanning av ØIL-historikk/arkivmateriale</u></p> <p>Protokollar m.v. står på ein pall på Fruktlageret. Sjekk med Kvam herad om innlevering av historisk materiale.</p>		styret
4.4	<p><u>Torefjellstrimmen – i ny drakt ?</u></p> <p>Det vert ikkje Torfjells"trim"arrangement i ØIL-regi i haust. Må sjå på evt. nytt konsept og nye samarbeidspartnarar. Kvam turlag kanskje ? Uansett må eit arrangement avstemmast i forhold til tidspunkt for andre lokale arrangement.</p>		Styret/ Rune V.

Rune Vik/ skriver